

Dagsturar og overnattingsturar i skuletida

Det er mykje elevar skal lære på skulen, både når det gjeld fagkunnskapar og sosiale ferdigheiter. Nokre gonger skjer den beste læringa andre stader enn i klasserommet.



Til dømes kan det vere fornuftig å ta turen til eit museum som har utstilling om temaet elevane arbeider med. Når temaet er fisk og livet ved sjøen, kan det vere fint å ta med fiskeutstyr og ha ein skuledag ved sjøen. Når elevane skal lære om skogen, er det ein god idé å ha skuledagen ute i skogen. Det elevane lærer på turane, er eit fint utgangspunkt for vidare arbeid på skulen.



Undervising andre stader enn i klasserommet kan gi betre moglegheiter for praktisk læring i fellesskap med klassekameratar. På turar får elevane høve til å prøve seg i kjente og ukjente omgjevnader. Elevane får utfordringar i trygge rammer, og dei får høve til å vise fleire sider ved seg sjølve. I tillegg til at det skjer mykje læring på dei forskjellige turane, er turar ein god moglegheit til å bli kjent med kvarandre på andre måtar enn på skulen.

Leirskule

Alle elevar i Noreg skal få moglegheit til å reise på leirskule i løpet av grunnskulen. Elevane reiser saman med lærarar dei kjenner til ein leirskule for å lære nye ting. Leirskulane har også eigne lærarar som kan mykje om det området leirskulen ligg i, og om dei aktivitetane elevane skal delta i. Aktivitetane på leirskule er sunne, spennande og lærerike. Mykje av det elevane lærer og opplever på leirskule, vil dei ha bruk for og hugse for alltid.



Når klassane reiser på leirskule eller andre overnattingsturar, søv gutane på ei avdeling og jentene på ei anna, gjerne i kvar sin etasje. Lærarane har ansvar for at det er ro og orden på romma. Dette skapar trygge og gode rammer og ei fin oppleving for elevane. Alle elevar skal føle seg trygge på tur.



Mange elevar kan ha ulike behov når det gjeld mat. Dette tek skulen omsyn til. Det er også skulen sitt ansvar at elevane kjenner seg trygge.

Turar som skulen arrangerer, er gratis. Mange skular og leirskular har utstyr som elevane kan låne.

Snakk med lærarane om du har spørsmål om turar og leirskule. Snakk også med læraren om barnet ditt har spesielle behov som det er viktig å ta omsyn til.